

## Årsmøte Vigra Indremisjon for 2021 27.01.2022

### Sakliste

1. Godkjenning av innkalling – godkjent
2. Val av ordstyrer – Lars Ståle Giskeødegård
3. Val av referenter – Ole Vidar Blindheim og Kathrine Grande Røsvik
4. Val av signatører til referat – Kjetil Løvold og Odd Kåre Naalsund
5. Val av teljekorps – Marte Fylkesnes og Åse Røsvik
6. Presentasjon av valkomitéen si innstilling – Markus Røsvik og Eivind Storøy.  
3 vert sitjande, 3 blir stilt til valg.

Ønskeleg med samme konstituering som det har vore grunna god framdrift i fleire saker og godt samarbeidsklima i det noverande styret. Dei ønsker å leie arbeidet tilbake til full drift etterkvart som dei nasjonale restriksjonane tillet det. Målet for arbeidet er forsamlinga sin visjon som har solid støtte blant medlemmane. Det nåværende styret uttrykker at det er ønskeleg med fleire kvinner i styret.

#### **Forslag til styreresrepresentanter som skal velges inn i styret:**

Thomas Mulelid  
Jan Harald Roaldsnes  
Lars Ståle Giskeødegård

#### **Forslag til vararepresentanter som skal velges inn i styret:**

Åse Røsvik  
Marte Fylkesnes  
Wenche Løvold

7. Val av nytt styre – 32 røyster og dermed fleirtal for å innsette styremedlemmane og varamedlemmane som valkomitéen presenterte.
8. Årsmelding 2021 v/formann Lars Ståle Giskeødegård – Godkjent med merknader:
  - Marte Fylkesnes inn som hovudleiar saman med Kathrine og Wenche, og skal også stå som avsender på årsmeldinga
  - Wenche gjekk av som hovudleiar.
9. Reknskap 2021 v/kasserer Torstein Synnes – Godkjent med merknad:
  - Gåve til ImF er fråverende i 2021. Ifølge styret skal de gis ei gåve på kr.20 000,- frå VIM ifølge tidligere vedtak. Styret følger opp denne saken.
10. Årsmøtesaker:
  - 10 a. Forslag: Endring av valpraksis, moglegheit for stemmegjeving ein time før årsmøtet.  
Vedtak: Vedteke som forslaget står.

- 10 b. Forslag: Benkeforslag skal meldast til valkomitèen 48 timar før valet skal avviklast. Kandidatar skal vere førespurd, og gitt sitt samtykke til å stille. Benkeforslag skal skrivast opp på stemmesetel saman med valkomitèen si innstilling.  
Vedtak: Endre ordet «benkeforslag» då grunntydninga er annleis enn det er tenkt å bruke i denne samanheng. Heller gi det ein annan ordlyd. Må presisere at det ikkje er mogeleg med benkeforslag under årsmøtet. I diskusjonen rundt saka kom det fram at det må sikrast god informasjon gjennom informasjonskanalar som SMS, e-post, Facebook, Radio Sunnmøre.
- 10 c. Forslag: Stemmerett på årsmøtet i Vigra Indremisjon, først etter eitt års medlemskap.  
Vedtak: Vedteke. I diskusjonen omkring denne saka meinte nokre at karantenetida burde også gjelde for verv i styrearbeidet. Dette vart det ikkje gjort tvedtak om.
- 10 d. Forslag: Lage ny medlemsprotokoll.  
Vedtak: Fleirtal for å bokføre medlemslisten. Gi anledning å skrive seg inn ved vanlege møter og medlemsmøter. Muligens digitalisere etterkvart.

I tillegg til saklista tok styret opp desse sakene:

#### **Sak om eiendom**

Det har vorte skrive under intensjonsavtale med grunneiger at Vigra Indremisjon kan kjøpe nabotomt vest for bedehuset på 2,6 mål for kr. 150 000,-  
Kommunen skal ha omregulering av arealplanen i 2022. Søknad om omregulering av området sendes inn av bedehusstyret i februar 2022.  
Ingen motforestillinger mot dette.

#### **Sak om tilsetjing**

Vedtak om tilsetjing av forsamlingsarbeider i mars-desember 2020.  
Ønske om å utsette denne saka til pandemien er over/til at arbeidet er oppe og går. I tillegg til praktiske årsaker, er det også økonomiske hensyn å ta i denne saka.  
Ift. Awana er det ønskeleg med ein som har det administrative arbeidet for Awana Vigra.  
Vedtak: Vi utset ansettelsesprosessen, og Odd Kåre Naalsund går inn og tar ansvaret for det administrative arbeidet for Awana Vigra.

*Ole Vidar Blindheim*  
Ole Vidar Blindheim  
Referent

*Kathrine Grande Røsvik*  
Kathrine Grande Røsvik  
Referent

*Kjetil Løvold*  
Kjetil Løvold  
Protokollsignatør

*Odd Kåre Naalsund*  
Odd Kåre Naalsund  
Protokollsignatør